



**Breheimen
nasjonalparkstyret**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 57 64 30 13
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyret.no/breheimen>

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandler Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Vår ref. 2024/4557-0 432.3

Dykkar ref.

Dato 29.01.2025

Breheimen nasjonalparkstyret- Høyringsinnspel på detalplan for miljø og landskap for utbygging av Illvatn kraftverk i Luster kommune

Breheimen nasjonalparkstyret viser til detaljplan for miljø og landskap for Illvatn pumpekraftverk i Luster kommune, Vestland fylke. Breheimen nasjonalparkstyret legg merke til at detaljplan for miljø og landskap er relativt overordna, og ein går ikkje inn i detaljar for blant anna avbøtande tiltak for villrein. Breheimen nasjonalparkstyret ynskjer difor å kome med nokre merknadar, og oppmodar NVE om å setje vilkår om avbøtande tiltak.

Breheimen nasjonalparkstyret sitt mandat er å oppretthalda tilstanden innanfor verneområdet ved vernetidspunktet, samt fremja verneformålet. I Breheimen nasjonalpark er føremålet å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken m.a. å ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, ta vare på leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vassdragsnatur, variasjonen i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap, grotter og å ta vare på kulturminne. Ålmenta skal ha høve til uforstyrta oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Utbygginga av Illvatn vil truleg ikkje berre gje ein redusert vandringsmoglegheit forbi Fivlemyr for villrein, men også fjerne denne moglege trekkpassasjen for ettertida. Portalområdet ligg i den einaste moglege trekkruta forbi Fivlemyrmagasinet, og basert på terrengets topografi og behov for sikkerheitstiltak med permanente gjerde rundt portalområdet så vil ein truleg etablere ein barriereeffekt. Ein vil derfor truleg ta ei trekkruta ut av mogleg bruk i dette området, og det å ta vare på dei andre trekkrutene i området vert dermed endå viktigare for ettertida.

Når ein vurderer sikringstiltak for tredjeperson ved tunnelveggen i tilknytning til tverrslag i Nørstedalen og etablering av lukehus ved Illvatn, er det viktig å ta omsyn til den visuelle påverknaden både på villrein og på opplevinga for folk som ferdast i området. Dessverre kan nokre av dagens sikringstiltak i fjellområda våre ha ein negativ innverknad på villreinen sin bruk av området.

Villrein er svært sårbare for forstyringar og tekniske inngrep, som kan påverke deira arealbruk og leveområde. Sikringstiltak som er visuelt påtrengande kan skremme bort villrein

Nasjonalpark	Breheimen
Naturreservat	Høyrokampen
Landskapsvernområde	Strynefjellet, Mysubytta, Høydalen, Mørkridsdalen, Vigdalen



og redusere deira bruk av området. Dette kan igjen påverke deira kondisjon og produktivitet. For folk som ferdast i fjellheimen, kan visuelle inngrep også redusere naturopplevinga. Mange søker stillheit og urørt natur, og sikringstiltak kan forstyrre denne opplevinga. Det er derfor viktig å finne ein balanse mellom nødvendige sikringstiltak og bevaring av både villreinen sine leveområde og naturopplevinga for menneske. Dette kan innebære bruk av mindre påtrengande sikringsmetodar eller plassering av tiltaka på ein måte som minimerer visuell påverknad.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har påpeika at villreintrekket byrjar på våren, og frå slutten av mars startar bukkane trekking frå vinterbeiteområda og mot sommarbeita i sørvest (Skjåk-Luster, tidvis i området rundt Illvatnet). Villreinnemnda viser til at det er ein fordel om anleggsperioden ikkje startar tidleg på våren, og Breheimen nasjonalpark støttar oppmodinga deira merknad om å ikkje byrja anleggsverksemda for tidleg på våren.

På bakgrunn av terrengets topografi så vil utbygginga av Illvatn kraftverk krevja mykje helikoptertransport. Detaljert plan for bruk av helikopter vil fyrst førekoma når kontrakt med entreprenør er inngått, men Breheimen nasjonalparkstyre vil likevel oppmode om at helikoptertransport frå Fivlemyr til tverrslag og deponi i Nørstedal, og til lukehus ved Illvatn går i dalføret mellom Fivlemyr og Illvatn, så lågt som mogleg for å minimera at støy går innover i fjellet og inn i nasjonalparken, dette er viktig for både villrein og folk si oppleving av og i nærliggande fjellområde.

Det vil også vera behov for mykje helikoptertransport mellom Fortun og Fivlemyr i den perioden anleggsvegen ikkje er open. I denne samanheng så vil også Breheimen nasjonalparkstyre oppmode om at helikoptertransport vert gjennomført slik at ein minimera støy inn i fjellområda. Det er informasjon om biologisk viktig lokalitet for fugl vest i dalføret, og ein oppmodar at ruteval vert lagt på austsida av dalføret, dette er spesielt viktig i perioden 1 februar til 1 august.

For å bidra til å minimere påverknaden på villrein i fjellområdet under anleggsperioden så kan eit avbøtande tiltak vera at motorferdsel på snødekt mark som går i traseen mellom Sognefjellet og Nørstedalssæter, også frå andre aktørar, i stor grad vert lagt til bilvegen som likevel skal haldast open, då dette vil redusera påverknaden på funksjonsområde for villrein mellom i Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen merkbar (villrein.no).

Det er eit krav om forsterka oppsynsteneste i konsesjon, og det er ikkje beskrive ytterlegare kva dette vil innebære i detaljplan for miljø og landskap. Villrein er ein art som kan bevega seg fort over store områder, og i barmarksperioda (vår, sommar og haust) så må ein rekna med at villrein kan førekomma. Det er usikker kva omfang og bruken av områda, men det bør setjast eit krav om at det skal vera oppsynsverksemd i felt. Det må utarbeidast ein plan for midlertidig stans ved observasjon av villrein. Det kan t.d. utarbeidast ei to-trinnsløysing, med varsel om observert villrein innanfor ei radius på nokre kilometer, og midlertidig stans ved synsobservasjon innan 1 km frå tiltaksområdet. Dette vil kunne ta høgde for varierende klimatiske forhold, og skapa noko betre forutsigbarheit for prosjektet.

Eit forsterka villreinoppsyn i felt kan også bidra til auka kunnskap om villreinretta kulturminne og dermed bidra til meir kunnskap om villreinens historiske bruk av fjellområda rundt utbyggingsområde.



Med helsing

Edel Kveen
Styreleiar
Breheimen nasjonalparkstyre

Aina-Elise Bolstad Stokkenes
Nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift

Kopi til:
Hydro Energi AS v/Stein Øvstebø
Villreinnemnda i Reinheimen-Breheimen v/Tor Taraldrud
Villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen
Luster Austre Fjellstyre